

Møtereferat

Emne:	NOKU Hordaland og NOKU Sogn og Fjordane. Referat frå felles styremøte	
Til stades:	Lennart Fjell (LF), Eirik Utne (EU), Odd Gunnar Myhre (OM) Vivian Våge (VV), Sissel Lillebø Aarseth (SA) og Marianne Ose Askvik (MA).	
Forfall:	Eileen Feste (EF), John Kristian Øvrebø (JØ), Anita Nordheim (AN),	
Møtetid:	21.03.19 kl. 16:00-17:30	Møtestad: Møterom 726 i fylkeshuset.

1. Prosess knytt til samanslåing av NOKU Hordaland og NOKU Sogn og Fjordane

I januar vart alle medlemene i NOKU Hordaland og NOKU Sogn og Fjordane invitert til å delta i ei spørjeundersøking om deira syn på ei eventuell samanslåing. SA presenterte kort resultatane frå spørjeundersøkinga.

Konklusjon: Styra meiner det er grunnlag for å slå saman lokallaga.

Felles gjennomgang av «Kokebok for fylkessammenslåingar», eit forslag som NOKU sentralt har utarbeidd til korleis fylkeslaga kan gjennomføre ei samanslåing.

Konklusjon: Semje om at styra går for denne malen.

2. Årsmøte

Kvart fylkeslag har sine årsmøte denne våren. Det vil her vere eit eiga punkt om samanslåing. NOKU Sogn og Fjordane formulerer forslag til tekst.

Dei eksisterande valkomiteane i fylkeslaga vil bli bede om å sjå på at dei eksisterande styra vert sitjande til 31.12.2020. Dette må og opp som eiga sak på årsmøtet til begge fylkeslaga. Det er ei målsetjing at den nye valkomiteen består av minst ein representant frå kvart fylkeslag. Denne valkomiteen skal stille med forslag til styrerepresentantar til det nye styret (NOKU Vestland) innan oktober d.å.

Styra sine oppgåver vert delt i å fungera som fylkeslag, samt arbeid med å førebu etableringa av NOKU Vestland. Av dette gjeld m.a. vedtekter, organisering og årsplan til det nye styret.

3. Felles styremøte og felles årsmøte

Neste felles styremøte vert 22.-23. august d.å. Stad for møtet vert Skjerjehamn.

Agenda:

- Velje interimstyre med representantar frå styra
- Starte arbeid med vedtekter o.l.
- NOKU Sogn og Fjordane arbeider fram program / logistikk utover møtet

Felles årsmøte for NOKU Vestland vert arrangert i Bergen i oktober d.å. Dato, plassering og agenda vert å kome attende til.